



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Sandøy kommune

Tilsynsdato: 23.11.2017

Rapportdato: 22.01.2018

Innhald

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	06.11.2017 (formøte) 23.11.2017 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Steinshamnvegen 112, 6487 Harøy
Kommunennummer:	1546
Kontaktperson i kommunen:	Gerhard Fitje
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Møgstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	14.12.2017
Endeleg tilsynsrapport sendt:	22.01.2018
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	09.03.2018

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sandøy kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2017.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse Sandøy kommune 2017	03.11.2017
2.	Overordna beredskapsplan for Sandøy kommune	24.09.2015
3.	Planstrategi 2016 – 2020	Ikkje datert
4.	Kommuneplan – Samfunnsdelen 2011 – 2023	Ikkje datert
5.	Kommuneplan – Arealdelen	18.06.2015
6.	ROS-analyse for brann og redning – Sandøy	01.11.2017
7.	Avtale om bistand mellom Sandøy brannvesen og I.P.Huse AS sitt industrivern	30.01.2015
8.	Intensjonsavtale i samband med vassforsyning ved krisesituasjon	15.04.2013
9.	Intensjonsavtale i samband med evakuering og innkvartering – Finnøy Havstuer AS	29.04.2014
10.	Samarbeidssamtale mellom Sandøy kommune og M&R Røde Kors	12.10.2017
11.	Evaluering Øving Fårikål 2017	23.10.2017
12.	Vedlegg til heilskapleg ROS-analyse	<i>(mottatt i tilsynsmøte)</i> Ikkje datert
13.	Handlingsplan og økonomiplan 2018 – 2021	<i>(mottatt i tilsynsmøte)</i> 13.11.2017
14.	Handlingsplan og økonomiplan 2018 – 2021	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> 29.11.2017
15.	Heilskapleg ROS-analyse Sandøy kommune 2017	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> 06.12.2017
16.	Styringsdokument og rutine for beredskapsarbeidet	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> 05.12.2017
17.	Overordna beredskapsplan for Sandøy kommune	<i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> 05.12.2017

1.5 Gjennomføring

Formøte med Sandøy kommune vart gjennomført 06.11.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 23.11.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Oddvar Myklebust	Ordførar	X	X	X	X
Anny Sunderland	Rådmann	X	X	X	X
Gerhard Fitje	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Kim-Andrè Breivik	Einingsleiar teknisk	X			
Sol Slinning	Avd. ingeniør		X	X	X
Ann Kristin Røyset	Einingsleiar		X		X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudinstrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen si heilskaplege ROS-analyse er frå 2017. Analysen hadde stått seg betre om den hadde innehalde meir prosa med beskriving av vurderingar og funn. Det hadde gjort den meir lesbar for ålmenta, og kunne på ein betre måte fått fram innretninga i høve til forskriftkrava til kva som skal vurderast i den heilskaplege ROS-analysen. Analysen oppfyller elles alle minimumskrava i forskrifta, og er forankra i kommunestyret. I ROS analysen er det utarbeidd ein oppfølgingsplan med tiltak som ikkje er prioriterte.

Vi finn ikkje at kommunen på bakgrunn av funna, og tiltaka i oppfølgingsplanen, i den heilskaplege ROS-analysen har utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar av plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Beredskapsplanen er sist revidert i desember 2017 og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. For å stette alle forskriftskrava betre bør funna i ROS-analysen kome betre fram i planverket, slik at tiltak i beredskapsarbeidet blir betre retta mot hendingar med størst risiko og konsekvensar, gjennom både øvingar og anna skadeførebyggande arbeid.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øver og evaluerar øvingar, men har ein del å gå på med evaluering av hendingar. Kommunen har faste rutinar for møter i kriseleiinga.

Potensialet for forbetring ligg i å lage ein prioritert handlingsplan etter funn i ROS-analysen og innrette beredskapsplanen og overordna planverk betre mot desse funna i trå med forskriftskrava.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Tre forhold er kommenterte som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Sandøy kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, første ledd, litra a og b.

Utdjupande kommentar:

Sandøy kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap. I ROS analysen er det definert generelle mål og strategiar for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap som seinare skal forankrast i kommuneplanens samfunnsdel. Vi er samd i at kommuneplanens samfunnsdel er rett stad å forankre slike mål og strategiar. Det manglar konkretisering av korleis kommunen vil følgje opp dei konkrete funna i ROS analysen som er samanfatta i handlingsplan i kapittel 5.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør vurdere å vidareutvikle Styringsdokument og rutine for beredskapsarbeidet i Sandøy kommune. Forbettringspotensial kan ligg i føre over rutinar og beskrivingar av generell art frå beredskapsplanen som kan gjere beredskapsplanen meir operativ – for eksempel:

- Flytte oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk frå beredskapsplanen
- Beskrive CIM som krisestøtteverktøy

Merknad nr. 2

Kommunen bør:

- Lage ein prioritert handlingsplan basert på funna i ROS-analysen.
- Revidere beredskapsplanen og overordna planverk med utgangspunkt i prioritert handlingsplan i ROS-analysen, for betre å imøtekomme forskriftskrava.

Merknad nr. 3

Kommunen bør:

- Vurdere om plan for varsling av eigne tilsette kan flyttast og bli gjort til ein integrert del av plan for krisekommunikasjon, for betre oversikt.
- Vurdere å flytte kontaktar og varslingslister, ressursoversikt og tiltakskort til CIM.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419